

Preike i Oslo domkirke 1.juledag 2017

Joh 1, 1-14

Kjære kyrkjelyd!

Det gjer godt å kunne møte dykk på første juledag med så ubeskriveleg vakre ord som dei vi har høyrt lesne. Eg veit ikkje om det finst betre lyrikk enn denne starten på Johannesevangeliet, som passande nok blir kalla Johannes-prologen. Sterke setningar og tydelege bilete i ein prolog der det viktigaste står på spel og som kan bruke uttrykk som «alt er blitt til ved ham», «livet var menneskenes lys» og «vi så hans herlighet» utan å rødme!

Jula har alt: Både den storarta forteljinga vi las i går som vi kallar juleevangeliet og ei høgstemt hymne som Johannes-prologen.

Juleevangeliets forteljing er breiddfull av det vi kan sjå for oss og førestille oss som noko som hører til i tid og rom: Stall og dyr og folk på veg, på leit etter husrom. På flukt, som pave Frans sa i går: ”Så mange fotspor er gjøymt i fotspora til Josef og Maria.” Paven uttrykte håp om at vi kan sjå og ta imot Jesus i alle som kjem inn i våre byar, inn i vår historie, inn i våre liv. Det er ei utfordring vi gjerne deler.

Det er lett å lese Johannes-prologen som ord lyrisk høgt heva over historie og menneskelege erfaringar. Men dersom vi les sakte og ein gong til, ser vi at det er nettopp ikkje det som er på gang:

Det kjem eit lite brot inn i prologen, eit lite prosaavsnitt i denne hymna med ujamn høgremarg, ein heilt nøktern tekst om døyparen Johannes, nemleg.

Kva er det Johannes vil fortelje oss denne juledagen? Jo, han legg bokstavleg tala gårsdagens juleforteljing rett i armane på oss.

Og ikkje berre det: I dag er det vi som blir nyfødde!

Første juledag er det altså ikkje *vi* som ser på barnet: *Vi* blir barn, født på ny av Gud: «Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.»

Bli barn, ja, då ser vi plutseleg *verda med eit barns auge*.

Barnet i krybba eller i Barnesenga ser verda for første gang:

Oi, dette er altså verda! Dette er menneska sin heim. *Her er så underleg!*

Og så gradvis begynne barnet å skjønne at det er fleire folk enn foreldra i denne verda, barnet begynner å lære seg dei viktige tinga: Å ta imot, å krabbe, å leike, kanskje tilmed å gå og å forstå kroppsspråk og etterkvart også få eit språk, eit morsmål. Det skjer gradvis og vi treng å øve oss stadig vekk på dei viktige handlingane, slik at dei sit i kroppen. For det å vere menneske og det å tru, å være kristen, det sit ikkje berre i hovudet.

Å bli Guds barn, fødd på ny, betyr også at noko av det vi har lært oss som vaksne og vent oss til, framstår som underleg *dersom vi ser det som nyfødte*. For det er faktisk mykje som er underleg her i byen vår, når vi ser etter: ”Kva betyr ...?” ”Kvífor er ho fattig?” «Kvífor har eg ei varm seng å sove i, mens han blir jaga bort?”

Det dreier seg av og til om av-læring av innarbeide sanningar og svar, og også om å snu opp ned på det vi tenker er stort og smått, ikkje mindre enn om å ta kvardagsspråket på alvor og kople til kjensler og kroppslege erfaringar, om å pirke bort i orda slik at vi *ser* kva som er på spel: Inkarnasjon- å bli kropp; frelse- fri hals; Betlehem – brødhuset, ein by med soldatar og frykt; nattverd og dåp - brød og vin og vatn, noko vi gjer saman til minne om Jesus (og så vidare.)

Dette er grunnen til at det bestandig er bra med stutte setningar og tydelege verb når vi snakkar om kristen tru, og faktisk om livet i det heile.

Første juledag dreier seg om å bli fødd på ny som menneske som trur.

Av og til blir vi spurt om vi trur. Mange av oss tenker umiddelbart at då må vi svare ut frå det vi kan gjere greie for med hovudet av fornuftige tankar om kvifor Gud kan eksistere, korleis kan Gud være god og allmektig når verda er så fæl? Og om det finst eit liv etter døden.

Skal vi gi ordentlege svar, prøver mange av oss å konsentrere oss om ting vi har tenkt gjennom, noko som høyrest fornuftig og rasjonelt ut. Alt det andre, det som *berre ligg der i kroppen*, kjenslene, erfaringane utan ord og det vi har felles med andre, kan vi lett tenke på som noko usaklig eller kleint.

Men å bli Guds barn, fødd på ny: Det er faktisk det vi prøver på no i dag, juledag i Oslo, 2017. Kva gjer vi? Vi syng! Vi er saman! Vi ser og høyrer og helsar på kvarandre. Dei av oss som ønskjer det, vil snart ta i mot Kristi kropp, gitt for deg.

Folk eg stoler på, har sagt at dei aldri er *så* kristne, aldri *så* sikre med heile seg på at dei trur, *som når dei syng salmar og høyrer kyrkjemusikk*. Trur dei på evig liv? Ja, når dei syng «Eg veit i himmelrik ei borg». Trur vi på oppstoda? Ja, vi kan ikkje anna når vi syng: «Deg være ære!» Trur vi på englar? Ja vi syng om dei gong på gong: Fleire av oss vaks opp med julesalmen ”No koma Guds englar”.

Det er ikkje åleine på ein stol, berre i selskap med sin eigen hjerne, at spørsmålet om tru og livsmeining får gode svar: Det er når vi er saman med andre, som i gangen rundt eit juletre, i ei gudsteneste eller når vi minnest det andre har sagt og gjort for oss, at vi kan svare på slike spørsmål med svar som blir ståande, faktisk også etter at minnet begynner å svikte.

Vi øver oss. Å *bli fødd på ny* betyr også at vi frimodig kan stille dei store spørsmåla som eit barn gjer det og ikkje gi oss før vi har fått svar som er til å leve på. Eg veit mange synst at noko av det vanskelege i den kristne trua er orda om himmel og evig liv.

Den svenske teologen Gustaf Wingren brukar to bilde frå Bibelen når han prøver å setje ord på kva himmel og evig liv er: Himmelten er barn som leikar og det er eit stort kor som syng lovsongar til Gud. Det siste kan høyrest kjedeleg ut, dersom du ikkje har opplevd Vivianne Sydnes og Kåre Nordstoga og Domkoret og Domkirkenes menighet i aksjon ein juledag, men då får det god meinings, synst eg.

Men barn som leikar: Det gir umiddelbart meinings, i alle fall for meg. Og i alle fall i dag: Bli Guds barn. Og som Jesus kunne ha sagt det: Den minste i Guds rike er større enn alle vaksne i verda.

Barn som leikar og lyden av mange som syng saman, det er bilde og erfaringar som blir liggande i kroppen. Også når minnet byrjar svikte, og vi opplever at evna til å gjere greie for ting og all tillært vaksenkunnskap svinn hen.

Far min, Karl, var i dei siste leveåra dement og han hadde etter kvart vanskeleg med å huske kor han var og kva døtrene heitte. Men han visste til det siste kva eit handtrykk og ein klem var. Og når vi starta å synge «No koma Guds englar» eller be Fadervår, kunne han alle versa og heile teksten utanboks. Når delar av hjernen koplar ut, held kroppen fram med å minnest, føle og tenke. Dette er ei underleg erfaring ein heldigvis no har begynt å ta på alvor når det gjeld eldre og demente: Det siste som forsvinn er erfaringane knytte til kroppen: Bevegelse, innøvde handlingar og rytmar, musikk, song og dans. Dette er slitesterk tru!

For mange, som for far min, var det jo strengt tatt, berre ein dans som vert utøvd regelmessig: Det var juletregangen. Her er eg ikkje akkurat aleine om å ha sterke minner: Av små barn og rystande olding og alt imellom som held kvarandre i hendene og syng skikkelege alvorsord som løfte til kvarande:

Sårekker jeg deg nå med glede min hånd,
kom skynd deg og gi meg den annen,
så knytter vi kjærlighets hellige bånd
og lover å elske hverandre.

Mens dansen går som den har gjort gjennom heile den tida vi har levd og heilt inn i himmelen.

To slitesterke bilete av himmelen, altså: Born av alle aldrar som leikar og felles song:

O, jul med din glede og barnlige lyst,
vi ønsker deg alle velkommen

Vi hilser deg alle med jublende røst
titusener ganger velkommen.

Å feire gudsteneste og å feire jul er å øve seg saman på å ta imot og å gi, øve seg saman på å vere saman på ein god måte. Lat oss også denne jula synge gamle songar om igjen. All musikk, om den er gammal eller ung, er samtidsmusikk når den blir oppført. Og lat oss leike saman: Kanskje også leike det-skal-bli-fred-i-verda leiken, leike at det ikkje er forskjell på folk og leike med tanken om at det siste ordet for alle menneske på jord skal vere «glede». Festen er ikkje over, det er brød og vin igjen.

Med ønskje om rettferdig fred og gledeleg jul. Amen.